


# Osingen

Årsskrift 1985  
Utgjeve av Os Mållag



# Osingen 1985

Utgjeve av  
Os Mållag

## INNHALD:

Anders Kåre Engevik:  
Banan som konkurrerte ut seg  
sjølv ..... side 3

Marta N. Tveit:  
Hegglandsdøl, lysefjording  
og europear ..... side 7

Barnesider ..... side 12

Bente Bratlund Mæland:  
Englekysse ..... side 14

Bente Bratlund Mæland:  
Den blå tonen ..... side 15

Tom Hetland:  
Lys gjennom piggråden .. side 16

Tor Lunde:  
Stadnamn og vegnamn  
i Os ..... side 20

## Skriftnemnd:

Henning Henriksen  
Kåre Herdlevær  
Tom Hetland  
Magne Krüger  
Margit Tøsdal

## Framsida og teikningar:

Bernt Kristiansen

## Sats og trykk:

Risan & Larsen A/S, Os

## Til lesaren

Jula nærmar seg. Fram gjennom hundreåra har folket her i Osbygda halde jul under ulike tilhøve. No er det vår tid.

I år vil Os Mållag for første gong freista å gje ut eit lite årsskrift – som kjem og bed om rom mellom all annan julelesnad som vert boden fram.

Heftet gjev ymse glimt om menneske som har levt og om arbeid som er gjort her i tidlegare tider. Litt om kva som er skapt.

Nye generasjonar veks til. Og mellom alt det nye som bryt på – i fjernsyn – skrift og tale vert det lite rom, særleg mellom dei unge, for det som har vore. Like eins er her mange innflyttarar i Osbygda no – folk som har valt denne bygda som si nye heimbygd.

Det gjeld for oss alle: Å sjå seg attende – gjev styrke framover.

Mållaget vil gjerne vera med å føra vidare dei kulturtradisjonar som er i bygda. Og her er mykje godt å byggja på – berre me stoggar litt og gjev oss tid til å sjå oss attende.

Historien – gjennom tiltak og arbeid – gjennom målet vårt – skriftleg og munnleg er ikkje berre eit band attover, men også ei barlast, ei bær – og som alle bærer kallar ho på krefter – på livsviljen.


Inn i dette biletet kjem føremålet og arbeidet med dette vesle heftet – ei hjelp til å styrkja rotfestet. Kanskje kunne det og nyttast som ei julehelsing til utflytta osingar.

Måtte det verta vel motteke!

God jul!

Skriftnemnda

Pris kr. 15,-



## GOD JUL

Til .....

Med dei beste ynske om god jul og eit godt nytt år!

Frå .....

# Banen som konkurrerte ut seg sjølv

AV ANDERS KÅRE ENGEVIK

I år er det 50 år sidan Os miste jernbanen sin. «Os-bana hev på skjemt vorte kalla Osmerrri. Den hev kanskje meir enn noko anna drege heile bygdi framover», vart det skrivedå banen vart lagd ned i 1935. Men det var få som sørgde då rutebilane tok over.

Den 1. september i år var det 50 år sidan Osbanen vart lagd ned. Det var ei vemodig stund for mange, og enno i dag vekker minnet om «det vesle koselege toget» nostalgiske kjensler.

Det smalspora jernbaneanlegget mellom Nesttun og Os var ein del av den store tekniske og økonomiske omveltninga som gjekk føre seg i samfunnet i siste halvdel av 1800-talet. Ved sida av dampskipet var jernbanen den viktigaste kommunikasjonsforma, og utbyggjinga gjekk føre seg som ei rekkje «anfall av jernbanefeber». Desse hadde nøye samanheng med takten i den økonomiske utviklinga. Osbanen vart til som resultat av eit slikt feberanfall.

«Nesttun-Osbanen» var det offisielle namnet på føretaket. Det vart bore fram både av bygde- og byinteresser. Byen var interessert i å få større del i det omsetningslivet som hadde vakse fram på landet etter at bygdehan-

delen vart gjeven fri kring midten av førre hundreåret. Omlegginga til salsjordbruk skjedde nett i denne tida, og bygdane fekk difor trong for sikrare avsetnad av produkta sine. Dei få og dårlege vegane var til hinder for dette. Då Ulvensletta vart teken i bruk som militært øvingsområde, fekk også hæren interesse av betre transport-tilhøve over land. Sist i 1880-åra var tida inne for å realisera draumen til distriktslege Daniel Krüger om ein privatfinansiert jernbane mellom Nesttun og Os.

Saman med Krüger hadde ei rekkje interesserte menn i sentrale stillingar teke til å arbeida for saka. Desse var Mathias Erichsen, gardbrukar og ordførar i Os, Wollert Konow, brukseigar og ordførar i Fana, Ole Sandberg, jordbruksskulestyrar på Stend, og to store næringsdrivande i Bergen, konsul F. G. Gade og kjøpmann Johan A. Mowinckel. Det var særleg dei to sistnemnde som skaut kapital inn i føretaket.

## Gav fri grunn

Det vitnar òg om stor interesse mellom vanlege folk i Os og Fana at dei fleste gardbrukarane gav fri grunn til banen. I Os vart det halde eit jernbanemøte i 1890, der over 300 gardbrukarar så godt som samrøystes opp-



Med Osbanen kom ei ny tid til bygda. Dei ytre kjenneteikna var, forutan toget sjølv, uniformar med distinksjonar og blanke knappar og ein ny byggjestil med store takutstikk og glefsande drakekjefstar til pynt.

moda Os heradstyre om å ta eit krafttak i finansieringa. Dei folkevalde følgde oppmodinga og vedtok samrøystes å løyva 25.000 kroner til aksjekjøp. Dette var meir enn eit heilt årsbudsjett den gong.

Nesttun-Osbanen var eit føretak med 67% av aksjekapitalen på private hender. Resten var offentlege midlar. Staten gav eit rentefritt lån, men inskrenka seg elles til å gripa regulerande inn gjennom konsesjonsvilkåra. Dei fastsette mellom anna høgste tilletne fart til 25 km i timen, og 15 km der banen følgde bygdevegane i uoversiktleg terreng. Ved køyring i mørke skulle nyttast ein lampe «med et mindre sterkt Skær, saa Lysningen fra Lokomotivet ikke bidrager til at forurrolige de veifarende Heste». For å oppnå større fart og lasteevne vart det no vedteke å auka sporvidda frå dei opprinnelege 60 til 75 cm. Den mest vidtgåande planen, å nytta same sporvidde som Vossebanen, kunne ikkje realiserast på grunn av kapitalmangel.

Ringverknadene av baneanlegget synte seg tidleg. Alt under anleggstida gjorde jordbruksskulestyrar Sandberg opptaket til «Fane Gjødselkompani», som skulle skaffa bygda billig kompostgjødsel frå Bergen. Seinare kom eit liknande tiltak igang i Os. Endå større var interessa for auka ferskmjølkomsetnad, og banen gav støyten til nye meierilag kringom i dei to kommunane. Også i Fusabygdane vart baneanlegget følgt med stor interesse. For fusingane var likevel eit godt dampskipssamband avgjerande. Dette kan vera grunnen til at det ikkje var stemning for å vera med og utvida aksjekapitalen for å få banen forlengd til Hatvik, slik nokre osingar arbeidde for.

### Ikkje til å stogga

Jernbanedrifta vart høgtideleg opna på Os stasjon søndag 1. juli 1894. «Consul Gade ønskede paa Perrenen Hæld for Banen, hvorefter første Tog afgik fra Osøren kl. 9.15 Morgen», fortel styreprotokollen. Opninga samla den største folkemengda som til då var sett på Os. Mange såg eit jernbanetog for første gong den dagen.

Nyfikna varde ved dei første driftsmånadene. Det kosta 5 øre å koma inn på stasjonsområdet, og det vert fortalt om dagar då meir enn 100 menneske løyste plattformbilletter. Folk kom langveges frå for å sjå og prøva



*I den bratte stigninga opp mot Kuven arbeidde lokomotiva under høgtrykk når det var mange vogner tilkobla. Likevel gjekk det ikkje fortare eingong enn at ein sprekk kar som kappsprang med toget nådde det att.*

desse nymotens køyregreiene; mange med skepsis og skrekk: «Datta får di aldri te gå», sa ei gamal kone. Men då ho vel var installert på toget og farten auka, skifta ho meining med ein gong: «Å nei, å nei, ditte klara di aldri å stoppa».

På ein måte hadde ho rett, den gamle kona. Toget vart symbolet på ei ny tid i bygda, med ei utvikling som ikkje let seg stogga. Ikkje alle var glade for det nye. Grunneigarane ved utlaupet av Oselva var redde for at anleggsverksemda og trafikken ville øydeleggja laksefisket deira. Dei klaga til banestyret og kravde erstatning. Ikkje alle arbeidde i det opne. Hausten 1894 vart banen ute for ein ukjend sabotør som velta steinar på linna. Han gav opp etter kort tid. Det gjorde ikkje hotelleigar Nilsen, næraste grannen til Os stasjon. Han reiste erstatningssak mot banen for ulempene hotellet leid av kolrøyk og toglarm. Dette er truleg den første forureiningssaka i Os, ei sak hotelleigaren vann.

Med nabokrangelen ute av verda, skulle banen «være fuldstendig sikret mod alt», trudde driftsstyraren. Men han tok feil. Det var eit stadig problem at folk ikkje let att grindane etter seg når dei nytta planovergangane. Resultatet var «Sauer paa Jernbanelinjen... i Flokker paa optil 30 Stk.» Verre var det når folk nytta linna som gangveg. Dette problemet var særleg stort den første tida, då vegane var få og dårlege. Det gjekk godt, trass i at det var nære på mange gonger. I dei 41 åra banen var i drift skjedde to ulukker der menneskeliv gjekk tapt. Fleire avsporingar og ein kjeleeksplosjon i eine lokomotivet kunne lett ha enda med tragedie, men folk slapp med skrekken og beinbrot.

### Jernbaneuniform gav status.

Osbanen var ein stabil arbeidsplass. Å vera jernbemann gav ein spesiell status i bygda. Uniformane med distinksjonar og blanke knappar understreka dette. Det var difor alltid stor pågang etter arbeid ved banen, trass i lang arbeidstid og låge løner. Det var trafikkmengda som avgjorde arbeidstida. I høgsesongen var det ikkje uvanleg at ekspeditørane ved dei største stasjonane måtte hengja i opp til 16 timar i døgeret. Dei kunne tillata seg ½ times middagspause. Styret såg det som si fremste oppgåve å syta for ei sunn forretningsmessig drift av selskapet. Tilhøve som etter deira syn ville auka utgiftene, vart motarbeidde. Sparekniven var jamnt framme når lønene skulle regulerast. Sist i 1890-åra låg gjennomsnittsløna ved Osbanen 40% under Statsbanane sine satsar. Fram gjennom åra, særleg under 1. verdskrigen, betra dette seg. Derimot var det inga forståing for oppmodinga frå Hegglandsdalens Ungdomslag om å gå over til nynorsk administrasjonsmål. Brevet vart stilteide lagt til sides. Låge utgifter var eit middel til å halda låge fraktsatsar, meinte styret. Dette skapte eit stabilt trafikkgrunnlag for banen.

### Fartsgalen svenske

Alt første driftsåret hadde banen jamn trafikkauke, trass i mange barnesjukdomar. Dårleg justerte vognhjul og bremsar kasta vognene av sporet fleire gonger. Til slutt måtte hjula på dei fleste passasjervognene bytast ut.

Uerfarne tenestemenn kunne óg skapa vanskar. Styreprotokollen fortel: «I Anledning inkommen Klage over Hurtigkjørsel paalagdes angjældende Locomotivfører skriftlig Skarpt at iaktage Reglementet». Klagen galt ein nyttilsett svensk lokomotivfører, som hadde rast framom Hamre stasjon i snøggtofsfart. Stasjonsbygningen på Hamre var ei lita halvtekkje, og lokomotivføraren orsaka seg med følgjande kraftsats: «Inte fan kunde jag veta att jag skulle stanna vi varje sjethus långsefter linjen.». Det var og eit problem at driftsutgiftene auka meir enn inntektene dei første åra. Både løner og andre utgifter vart drastisk nedskorne i 1896 og 1902, og frå då av byrja det endeleg å lysna for Osbanen. Ein pinsedags ettermiddag kring hundreårsskiftet skal banen jamvel ha frakta 1400 menneske frå Os til byen.

Trass i den brysame og dyre omlastinga på Nesttun heldt Osbanen låge godsfrakter, og godsmengda auka år for år. Særleg var banen til nytte for jordbruket og den veksande trevareindustrien i Osbygda. Militærtransportane frå og til Ulven gjekk alltid med banen. Særleg stor aktivitet var det i samband med nøytralitetsvernet under 1. verdskrigen. Driftsoverskota var årvisse og nådde si største høgd i 1922 med vel 60.000 kroner.

Den økonomiske framgangen under 1. verdskrigen skapte både optimisme og grunnlag for nyinvesteringar. Frå starten av hadde banen tre små belgisk-bygde lokomotiv «Bjørnen», «Ulven» og «Os». Dei hadde etter måten lita trekk-kraft og vart difor supplerte med eit noko kraftigare amerikansk lokomotiv av merket «Baldwin». Då Os elektrisitetsverk kom i drift vart overgang til elektrisk drift drøfta. Det same vart omlegging til normal sporvidde. Mest vidtgåande var tanken om å lengja banen til Hatvik som del av eit framtidig jernbanesamband gjennom Fusa til Hardanger og Voss. Desse ideane vart nøye drøfta på eit samferdslemøte i 1920. Seinare vart dei lagde fram for dei sentrale styresmakterne. Dei synte «interesse» for saka, seier ein rapport, men arbeidet stogga der. Frå 1923 byrja verknadene av økonomiske nedgangstider i samfunnet å melda seg. Saman med dei kom nye og farlege konkurrentar – bilane.

#### Tevling mellom båt og bane

Med toget gjorde folk turen Os – Bergen på 2 timar, omstigning på Nesttun medrekna. Dette var vel halve tida av ei dampbåtreis. Billettprisane var óg rimelegare enn med båtane. Det låg såleis til rette for ei hard tevling mellom sjø- og landtransport. Men selskapa innsåg fordelane ved å samarbeida. Alt i 1893 la Midthordlandske fram utkast til snøgruter på Midthordlandsfjordane i samtrafikk med toget på Os. Men begge selskapa hadde stram økonomi og var lite villige til å fira på krava då det økonomiske hopehavet skulle fastsetjast. Det utvikla seg til ein prestisjestridd om kroner og øre som sette vondt blod mellom partane og førde til ubrukande samband mellom båt og bane i ein liten mannsalder framover.

Osbanen byrja samarbeid med andre dampskipsselskap og sytte for at toga var framme på Osøyro etter at Midthordlandske sine batar var farne. Midthordlandske på si side freista halda passasjerane ombord heilt fram til Bergen. Båtane gjekk framleis til Os, men ofte slik at toget vel var ute or stasjonsområdet når båtane la til kai. Føst frå 1920 kom det til eit positivt samarbeid, men då



Ettermiddagstoget er framme på Os stasjon. Foto frå 1930 åra.

var bilar og motorbatar blitt leie medtevarlar for begge dei gamle selskapa.

#### «Liv i Os-ørkenen»

Då jernbaneanventyret starta var Osøyro ein liten strandstad som ikkje verka særleg imponerende på reisande byfolk: «Osøren er en Ørken, der er tagen til Indtægt af verdenssky Katte, der lever af Mismod og de Fiske de seg sig istand til at nappe, naar de sidder i Fjæren hensunken i Drømme og Sult. Om Nætterne er Sandsletten forvandlet til en Konsertsal for disse Kunstnere, der da omsætter sitt Livs Elendighed i en Musik, der har bragt Indbyggernes Haar til saa ofte at reise sig paa deres Hoder, at de allesammen er skaldet. Stedet har to Hoteller, men indtet af dem har Skjænkingsret(...) Nogen Postforbindelse med Omverdenen tror jeg ikke findes.»

Ein generasjon seinare var denne «ørkenen» blitt eit livleg trafikk- og handelssentrum, bygd opp på det grunnlaget jernbanen og dampbåtane hadde lagt. Fleire av dei nye næringsføretaka hadde ein stor kundekrins i fjordbygdene. Mellom desse var ein barbersalong, som med særleg omsut for gjennomgangstrafikantane hadde følgjande lysing i «Midthordlands Avis»: «Bønder fra fjordene bør ikke reise ubarberte på toget».

#### Bilane kjem

Sumaren 1922 kom jernbanekomiteen på vitjing til Os. Dei skulle sjå på planane om modernisering og utbygging av Osbanen. Det var i seg sjølv illevarslande at dei høge herrane nytta bil begge vegar. Det vart då heller inga hjelp å få. Osbanen fekk klara seg som best dei kunne i ein kamp på vikande front mot bilane.

Kring 1920 var vegnettet i Os og Fana såpass godt utbygd at folk kunne gjera seg nytte av biltransport. Dette baud på mange fordelar, mellom anna frakt frå dør til dør. I 1920 kom første personbilruta mellom Os og Bergen i gang. Samstundes tok drosjekøyring til, og fleire mjølkeruter. Dei dreiv eigentleg varefrakt for dei lokale meierilaga kringom i bygda, men tok òg grannar og kjenningar med, om det høvde så. Osbanen freista møta

tevlinga med to mot-trekk: Overta flest mogeleg av konkurrentane sine så langt dei makta kjøpa dei ut, og syta for at dei andre heldt seg innanfor rammene den nye konsesjonslova sette. Dette vart opptaket til stadige konflikhtar med drosjeeigarar og lokale varetransportørar. Styresmaktene, både lokalt og sentralt, laut ta omsyn til Osbanen som arbeidsplass og til trongen for stor og stabil transportkapasitet. I lengda støtta dei difor banen, trass i press frå ein stadig aukande folkeopinion til fordel for bilen. Løysinga vart difor å halda liv i banen til dess vegnettet var utbygt til å tola tungtransport. For å betra banen si konkurraneevne gav styresmaktene selskapet konsesjon på rutebiltrafikk mellom Os og Bergen. Vilkaet var at banen løyste inn dei konkurrerande selskapa på denne ruta.

Jernbanedrifta gjekk no med stort underskot. Å løysa inn den største konkurrenten, Hatlestadbilane, kravde



«Osbanens Rutebiler» på haldeplassen ved «Permanenten». Foto frå sist i 1920 åra. Sjøfør Njøten til høgre.

omlag 80% av dei oppsparaede midlane til Osbanen. Det var difor ikkje mogleg å ta over andre konkurrentar. Frå 1926 byrja «Osbanens Rutebiler» trafikk mellom Os og Bergen. Jernbanen tevla med seg sjølv, sa folk. I 1934 vart konsesjonen på jernbanedrift lengd eitt år. Vegane var enno ikkje i stand til å tola tungtrafikk i teletøysinga. Den 11. februar 1935 gjorde jernbanestyret formelt vedtak om å leggja drifta ned frå 1. september same året. Selskapet vart no omorganisert for rutebiltrafikk under namnet «Bilruta Os – Bergen». Slik lever selskapet enno, som ein del av ei endå større eining, Bilruta Fana–Os–Milde.

#### Tida ute for «Osmerra»

«Osbanens Rutebiler» vart som nemnt opphavet til saga om jernbanen som konkurrerte ut seg sjølv. I røynda var bildrifta med og hjelpte banen å overleva dei siste åra. Rettnok gjekk alle tog stappfulle den strålande vakre avskilsdagen for banen, men dei einaste som verkeleg sørgde, får me tru, var dei tilsette. Mange av dei var eldre menneske som hadde følgd banen i gode og vonde dagar gjennom mesteparten av sitt yrkesaktive liv. For alle var det klårt: Banen hadde tent si tid – samtida kravde andre transportformer.

Kor godt hadde så banen makta oppgåva si? En peikpinn om samtida sin dom finst i eit avisinnlegg dagen før nedleggjinga: «Osbanen hev på skjemt vorte kalla Osmerra. Namnet er godt, bruka på rette måten. Den hev kanskje meir enn noko anna drege heile bygdia framover. Når den no stillt og umerkande stoggar for alle tider so bør ein mest hugsa det.»

\*\*\*\*\*

## Beste måten

å halda seg orientert om kva som skjer på lokalplanet er å lesa

# Midhordland

lokalbladet for Os og Fusa

# Hegglandsdøl, lysefjording og europear

AV MARTA N. TVEIT

**Haldor Midthus (1841 – 1906) var ein sermerkt lærar. Han var diktar, songar, politikar og organisasjonsmann. Og ikkje minst var han ei eldsjel for det internasjonale hjelpespråket Esperanto. Haldor Midthus vert rekna som grunnleggjaren av den norske Esperantist-rørsla.**

Haldor Midthus vart fødd på garden Midthus i Hegglandsdalen. Far hans, Nils, kom frå Tveitarås i Samnanger og gifte seg med ei gardjenta på Midthus, og då tok han namnet etter garden som skikken var i dei dagar. Nils var ein dugande rosemålar (og felespelar) som far hans ogso hadde vore. Det finst arbeid etter Møs'n rundt i mange bygder i Hordaland, då serleg i Midthordlandsbygdene. Garden Midthus vert i daglegtale kalla Møs, og difor Møs'n. Kona til Nils døydde etter å ha fødd 5 born. Nils gifte seg oppatt med Barbru Haldorsdotter Boga frå Fusa. I det nye ekteskapet vart det 6 born. So det i alt var 11 born som vaks opp på garden. Haldor var fødd i 1841 som den eldste i den andre syskinflokken.

Det var ikkje lett å få utdanna lærarar til bygda, endå det alt i 1838 var skipa eit «seminar» på Stord. Difor var det vanleg at gåverike unggutar som hadde utmerka seg ved konfirmantundervisninga, vart tilsette som lærarar. Og Haldor Midthus vart tilsett som lærar i Hegglandsdalen og Indregardane (Lønningdal) krinsar. Han var då 18–19 år, og var lærar der frå 1860 til 1863 då han reiste på lærarskulen. Medan Haldor gjekk på lærarskulen, var ein yngre bror, Annanias, vikar for han dei to åra. Annanias var ikkje meir enn 16 år då han byrja som lærar.

## Tronge tider

Medan Haldor var lærar i Hegglandsdalen, var han og styrar for folkeboksamlinga i Os. Folkeboksamlinga i Os var skipa alt i 1828. «Selskabet for Norges Vel» var skipa i 1809, og det arbeidde for at det måtte koma boksamlingar ute i bygdene. Biskop Neumann i Bergen ivra i 1820 mykje for dette, og presten Andreas Undal Jersin i Os tok opp tanken og fekk «skoleholderne» til å samla inn pengar til formålet.

Etter at Haldor var ferdig på lærarskulen, har han vore lærar utanom Osbygda nokre år. Truleg hadde Os då fenge 4 lærarar med utdanning. (Det var berre 4 lærarar i heile Os, alle hadde fleire skulekrinsar). Men det kan og vera at Haldor hadde hug å sjå seg litt i kring. Me har ikkje noko stadfesting av kvar Haldor har vore i dei åra, men det finst vakre dikt til Hitterdal (det gamle namnet på Heddal) mellom papira hans. So truleg har han vore lærar der.

Haldor Midthus vart lærar i Lysefjorden og Syfteland krinsar i 1869 og fekk då truleg 54 dalar i årsløn. Han vart i 1870 gift med Marta Danielsdotter Vik frå Fjell-



Haldor Midthus. Biletet er teke av Brødrene Larm i Bergen.

berg. Dei budde i skulehuset. Berre 2 av 5 søner vaks opp – harde slag for foreldra. Haldor hadde kr. 1,30 for veka for å halda ljøs, oppvarming og reinhald av skulehuset i Lysefjorden. (I 1873 gjekk Noreg over til kroner som myntverde. Men kroner og dalar vart brukt sida om sida i fleire år). I 1877 søkte Haldor om å få kr. 1,50 for veka for ekstraarbeidet og utlogone. Men han fekk avslag med det bodet at då kunne han berre flytta ut or skulehuset. So han søkte ikkje fleire gonger.

Haldor Midthus var saman med Elias Hanssen, læraren i Hegglandsdalen, heradsrevisorar i tida 1860 – 1886, og hadde vel ei lita godtgjersla for dette. Men eg har hug til å sitera dei to siste versa av diktet «Efter tidens leilighet» som Elias Hanssen skreiv i 1872:

«Gud bedre oss for svar allarm!  
En stakkels lærer kan blive harm,  
thi lykken var ham saa svigefuld,  
den gav ham arbeid men intet guld.  
Se derfor staar han med kassen tom  
og sukker midt i sin armodsdøm.

Dog end han eier en trøst saa huld:  
At om man eier all verdens guld,  
og om man kjøber hver plet, hver sti  
for døden man sig ei kjøber fri.  
Til slut saa faar vi et fælles hus  
paa kirkegaarden blandt sten og grus».

### Skipa venstreleg

I 1883 kjøpte Haldor Midthus eit stykke utmark i Åsen, og rydja og bygde hus der.

Haldor vart tidleg interessert i politikk, og han var valmann frå sokna (Os og Samnanger) i mange valbolkar. Han var medlem av heradstyret i 1884-87, 1892-95 og 1899-1904. Dessutan var han formann i skulestyret, fattigstyret, likningsnemnda m.m.

I 1885 var Haldor Midthus saman med broren Annanias Tveit (Annanias hadde kjøpt gard på Tveit og tok namnet etter garden, jamfør Tveitarås – Midthus) med fleire og skipa Os venstreleg. (Det var året etter at Norges Venstreleg var skipa). Haldor var første formann der, og var formann frå 1885 til 1901 då brorson hans, Nils Tveit, tok over (det året då *han* fekk røysterett. Røysterettsalderen var 25 år den gongen).

Haldor Midthus var også med og skipa Os Privatbank i 1888 og var styremedlem der frå 1889 til 1906 då han døydde. Etter det tok sonen Nils, over der.

Men det var ikkje først og fremst «materialistiske» ting Haldor var oppteken av. Han var kjend som ein dugande lærar. Han var serleg oppteken av song, og skipa i slutten av 1870-åra eit songlag i Lysefjorden. Laget gjekk i mange år. Han freista og seinare å skipa eit songlag på Syfteland, men det veit ein mindre om.

### Første Esperantisten i landet

Haldor Midthus heldt fleire aviser, noko som var heller uvanleg i dei dagar. Og etterkvart skaffa han seg ei bra boksamling. Han lærde seg tidleg tysk, engelsk og fransk slik at han seinare kunne skriva i utanlandske tidsskrifter og aviser om *hjartesa* si: Esperanto. Han hadde ein draum om *eitt* mål som alle i heile verda kunne læra so dei kunne skyna kvarandre. Det første internasjonale hjelpemålet han fekk kjennskap til var Volapük. Han var den første nordmannen som lærde seg det. Men det viste seg at dette målet fekk lita utbreiing. Men so kom Esperanto. Esperanto er eit kunstspråk utarbeidd i 1887 av polakken Ludvik Zamenhof, som ville laga eit internasjonalt hjelpespråk. Esperanto er bygd opp på europeiske mål (serleg frå Sør-Europa) med enkle grammatiske reglar. Uttalen er so å seia ordrett. Det er blitt eitt av dei mest nytta hjelpespråk i heile verda. Haldor lærde seg Esperanto i 1896 og var den første Esperantisten i landet. Han korresponderte med Esperantistar over heile Europa. Og han var utrøytande i å skriva om det i norske og utanlandske aviser. Men den største bragda som ga støyten til at fleire nordmenn lettare kunne læra seg dette målet, var at Haldor Midthus saman med den danske Esperantoføregangsmannen Skeel-Gjørting utarbeidde ei lærebok i Esperanto. Sonen Nils, som også var lærar, lærde seg Esperanto, og truleg mange lærarar rundt omkring gjorde det.

I Hegglandsdalen var det 3 karar som lærde seg Esperanto (tildels etter at Haldor var borte). Det var Nils Tveit, Olaf Hanssen og Olav Skorpen. Dei skreiv med Esperantistar over heile Europa, serleg Sør-Europa. På Tveit var det ein stor bunke kort på Esperanto, men Nils Tveit ga sjølv bort ein del av dei til nokre gutar som var interesserte i frimerke. Ellers var det vanleg at dei tre karane skreiv julekort til kvarandre på Esperanto.

### Lodda ut bøkene

Den første verdskongressen for Esperanto vart halden i Boulogne-Sur-Mer i Frankrike i 1905. Haldor Midthus hadde hug å vera med, men han måtte kosta reisa sjølv. Og korleis skulle han greida det? Han var ikkje rådlaus. Han *lodda* ut ein stor del av bøkene sine på den måten at det var vinst på kvart lodd. Truleg var ikkje loddprisen so svært høg for lodda gjekk unna. Han fekk pengar til turen.

Haldor Midthus vart vald som norsk medlem av Lingva Komitato, ei språknemnd som var samansett av dei fremste språkeksptane frå kvart land. Men han fekk diverre ikkje verka lenge i den nemnda. Han var nok vorten sjuk før han drog til Frankrike, og døydde alt i mars 1906. Sonen, Nils, hadde teke over lærarposten etter faren alt i 1905.

Haldor Midthus må ha hatt ein utruleg styrke, både sjeleleg og lekamleg. Mor mi fortalde om Haldor i Åsen, som dei kalla han på Tveit, at han kom syklande opp til broren etter at han var vorten alvorleg sjuk. Han hadde strupekreft, og *den* sykkelen skulle det nok krefter til å bruka. Haldor var sikkert den første *syklisten* i Os. Det vert fortalt at det var ein smed på Kalandseidet som hadde laga sykkelen, sikkert etter teikning frå Haldor sjølv. Sonen, Nils Midthus, har gjeve sykkelen og eit skåp som var laga av ei av kyrkjedørene frå den gamle Oskyrkja, som vart riven i 1870, til museet i Os, som vonleg ein gong vert røyndom. Då vil folk få sjå den «makalause» sykkelen.

I 1955 reiste norske Esperantistar ein minnestein på grava til Haldor Midthus på Os kyrkjegard. Det er ein høg stein med relieff av Haldor. Steinen er laga av Sætres Stenhuggeri i Bergen, og relieffet var laga av Borg-hild Nerress. På minnestytta står det skrive:



Sykkelen til Haldor Midthus, ein av dei mest særmerkte gjenstandane i museumssamlingane i Os.



Haldor Midthus  
f. 6/10 – 1841 d. 31/3 – 1906  
Grunnla den norske Esperanto-  
bevegelse i 1896.  
Reist av norske Esperantister 1955.

Ved avdukinga av minnesteinen heldt Johan Matland avdukingstalen. Nils Midthus takka frå huslyden. Og det var helsing frå ein av dei første Esperanto-elevane, Nils Økland, lærar og kyrkjesongar på Stord.

I sumar hadde Norsk Esperanto-forbund landsmøte og seminar på Fana Folkehøgskule i tida 14. til 17. juni. Der var 53 utsendingar frå heile landet. Sume av dei vitja Os og la ned blommar på grava til Haldor Midthus.

Haldor må ha vore ein uvanleg mann. Etter det me har sett, so har han hatt utruleg mange jarn i elden. Likevel har han funne tid til å skriva dikt. Då faren var borte, fann sonen Nils, skrivebordskuffa hans full. Mellom andre ting var der ogso brev frå Ole Bull. At Haldor Midthus og Ole Bull var godt kjende med kvarandre var rimeleg. Men dikta var det mest uventa for sonen. Nils Midthus viste lærar Henrik Lien som var redaktør av Os kyrkjeblad ein del av dikta. Henrik Lien fekk trykt fleire av dikta i Kyrkjebladet. Dei høvde godt der då dei hadde eit religiøst innhald. Men før dikta vart trykte i kyrkjebladet, hadde Nils Midthus modernisert målforma. For Haldor hadde sjølv sagt brukt den dansk-norske målforma som var brukt dei tider.

Etter Nils Midthus døydde, har Fredrik Øvredal som no bur i Åsen, teke vare på bøker og skrifter etter Haldor Midthus. Fredrik er brorson til kona til Nils.

Då me no fekk lånt ut ein del av Haldor Midthus sine skrifter, viste det seg at han også hadde skriva opp det greske alfabetet med tydingar. Kor mykje han har nytta seg av det, veit me ikkje. Men at han har vore litt av eit språkgeni er sikkert. Difor var det heilt naturleg at han ogso hadde skriva dikt på dialekt. Det stive danske målet høvde sikkert ikkje med Haldor Midthus sitt lynne. At Ivar Aasen sine tankar og arbeid har gjort inntrykk på Haldor Midthus er visst. Der er dikt og andre ting som er skriva på det me vil kalla reint nynorsk, men mest har han nytta dialekt. Me veit at Haldor Midthus skreiv dikt frå 1865 til 1890, men truleg ogso seinare. I dikta sine er han mykje oppteken av døden og livet etter døden. Men han hadde ogso humoristisk sans, og nokre av dikta på dialekt er verkeleg morosame, som ein vil sjå døme på nedanfor.

Haldor Midthus er vel verd ei minnestytta på grava.

#### Kjelder:

Nils Tveit: *Os saga I, II, III.*

Nils Tveit: *Os Prestegjeld 1837 – 1937*

Elias Hanssen: *Femti digte*

Haldor Midthus sine etterletne skrifter.

*Ei serleg takk må eg gjeva til Henrik Tveit (brorson til Haldor) for mange verdfulle opplysningar og ogso for avskrift av skriftene til Haldor Midthus.*



Støtta som norske esperantistar har reist på grava til Haldor Midthus på Os kyrkjegard.



# Jento paa Kalvskindet

## Attergløyme

De Gutar, de Gutar, ka tænkje de paa  
So gaar dar so blyge aatleina  
Eg længje har ønskt at eg engaang fek gaa  
So Brur mydla to Brurasveina.  
No lakka da fram aa Tio hu gaar  
Aa gamlare verte eg Aar ette Aar  
Ja Gutar førtæl meg ka tænkje de paa  
So læte meg gaa her aatleina!

Eg venta aa venta kvar einaste Dag  
At te meg en Friar sku slarka  
Men nemmen førsteaar di kje tærande Slag  
Di fær dar so domme aa larka  
Ka trur du vel Gutar æ skapt føre daa  
Naar inkje di vøre paa Jentn'na sjaa -  
Nei her maa eg venta kvar Nat aa kvar Dag  
Aa liggja aatleina aa sparka.

Men verte eg gammal aa inkje faar Mann  
So lyt eg fraa Væro meg venda  
Men endaa so lyt eg no drya en Grann  
Aa sjaa ka iaar konde hænda  
Men kjæme dar ingjen iaar so ifjor  
So maa eg opfydla met Løfte aa Or:  
At faar eg kje onnefør fat i en Mann  
So lyt eg fraa Væro meg venda.

Haldor Midthus



# PERSONLIG SERVICE. ALLTID.



Nei, vi kan ikke love å holde en paraply over hodet ditt hver gang det regner.

Men det vi kan love er personlig service og oppfølging som starter allerede ved det første møte.

Det gode samarbeid begynner med en grundig diskusjon om hvordan huset skal se ut, hva det skal inneholde, hvilke spesielle ønsker og behov du og din familie har og hvordan tilpasse hus til tomt.

Samtidlig kan vi fortelle deg om våre gunstige finansieringsordninger.

Våre erfarne fagfolk står alltid til din og din families rådighet.

Et kontakt med oss. La oss få lov å fortelle deg mer om vår måte å arbeide på, slik at du får det huset du virkelig ønsker deg.

Klipp ut denne kupongen - og legg den i nærmeste postkasse!

Vennligst send meg den store katekisen Kontakt meg for nærmere presentasjon Har tomt

NAVN: \_\_\_\_\_

ADRESSE: \_\_\_\_\_

POSTNR/STED: \_\_\_\_\_

TELEFON: \_\_\_\_\_ BYGGERIOM: \_\_\_\_\_

## HETLANDHUS

Ø BRØDR. HETLAND AS

Postboks 240

5201 Os

Tlf. 30 05 80 - 30 15 33

Kjøp i stort og kjøp i smått  
middagsmat og TV-godt  
brød og smør og grønnsakmat  
til frukostbord på selskapsfat  
SUPER SPAR er din butikk  
den fører LAVPRISPOLITIKK


# SUPER SPAR



# MORO-SIDER

Caroline Thornquist, Pauline Haugland, Birte Haga, Monica Thuen Hansen, Eirin Frotveit, Kjersti Hansen, Janne Forstrønen, Dorthea Hagen og Reidun Storum har laga desse sidene. Vi går i 5. og 6. klasse ved Nore Neset skule, og vi har skuleavis som valfag.

## Kan du retningane?




1. Start i X
2. gå 2 ruter sør
3. 2 ruter aust
4. 1 rute nord-aust
5. 4 ruter sør
6. 2 ruter vest
7. 1 rute nord-aust
8. 1 rute nord
9. 2 ruter vest
10. 2 ruter sør
11. 2 ruter vest
12. 1 rute nord-aust
13. 2 ruter nord
14. 1 rute vest
15. 1 rute nord
16. 1 rute aust
17. 1 rute nord-aust



## Gange-rekkje

27		45	54	
	36			54
16			28	32
	40	48		
40			70	

Finn ut kva tal som skal stå i dei opne rutene.



# VITSAR

Lækjaren: - Kva feiler det deg då, et du lite?  
 Pasient: - Nei, eg et som ein hest.  
 Lækjaren: - Veg du lite då?  
 Pasient: - Nei, eg er tung som ein elefant.  
 Lækjaren: - Søv du lite då?  
 Pasient: - Nei, eg søv som eit murmeldyr.  
 Lækjaren: - Då trur eg du bør oppsøkja ein dyrlækjar.

Vesle Petter strevar med leksene, og faren spør:  
 Skal eg hjelpa deg med leksene?  
 Petter: - Nei, eg vil heller gjera feila mine sjølv.

Knut, kvifor skriv du så seint?  
 Knut: - Fordi fetteren min ikkje kan lesa så fort.

Kelnar! Har de villand?  
 Kelnaren: - Nei, men me har ei tam me kan hissa opp.


Korleis går det dersom du bryt eitt av dei 10 boda?  
 spurde læraren.  
 Då vert det berre 9 att, svara Per.

Ein dag kom Jan heim i frå skulen og sa at i går måtte Olav  
 gå heim i frå skulen fordi han ikkje hadde vaska seg.  
 - Og veit du kva mor?  
 - Nei?  
 - I dag var det fire som ikkje hadde vaska seg.

## VASSRETT

1. Talar usant
7. Gutenamn
8. Kommune
9. Mål
11. Le
12. Øva
15. Igjen
16. Strikkar vottar av....
18. Preposisjon
20. Per Larsen
22. Ikkje gamal. (Omv.)
24. ...., Pål og Oskeladden
26. Veranda, terasse
29. Ris og ...
30. Frå vulkanen kjem ....

# X-ORD



## LODDRETT

1. På skia
2. Stille
3. Drikk
4. Månefase
5. Hovudstad i Europa
6. Evig is
9. Presens av å sitja
10. Stad i Nord-Noreg
13. Misunning
14. Stadnamn utanfor Bergen
17. Tal
19. Meisterskap
21. Smiler
23. Stress, mas
25. Stille
27. Gripe
28. Nina Andersen

Løysing side 21.

# Englekysst

Ho hutra og drog kåpa betre om seg. Kroppen var stiv av ulyst. Kulden frå frukostbordet, det stengde andletet ved bordenden, alt låg i henne og lamma kvar nerv.

Tanken orka ikkje følja så langt som fram til kontorpuhlen. Ho tvang seg mot busshaldeplassen og utsette alle kjensler til ein gong ho betre kunne makta dei. No galdt det å ta eit steg om gangen av den dagen som låg framom.

Det sto kø ved haldeplassen, og til overmål byrja små, dunlette dropar å falla på hennar frå før så tustrete hår.

Gjennomkald prøvde ho å dukka så langt ned i kåpekragen som mogeleg.

Bussen var forseinka, utolmodig stampa dei kringom henne. Sjølv orka ho ikkje bry seg. Knytte hendene i kåpelomma i rein avmakt.

Kva var skjedd mellom henne og han ho skulle dela gode og vonde dagar med? Kor var det blitt av varmen, av gleda i tilværet? Han, med sine tallause møte, så viktig, så travel. Ho, med alle dei tomme timane.

Ein gong hadde dei fletta hendene saman og hatt draumar. Det var lenge sidan. Altfor lenge.

Kvifor var det blitt slik? Så vondt, så vanskeleg.

Kvar gong ho nærma seg han, vart andletet hans samandrege, nesten plaga. Som om det skreik mot henne: Kvifor piner du meg ....

Han hadde mykje på seg, ho visste det. Visste at han sleit med avtalar, med konferansar. At han var betrudd. Betrudd til han stupte, hadde ho tenkt.

Var det verd det?

Når han var heime, måtte han kvila. Måtte han ha ro. Orka ikkje gå ut.

Men stakk nokon innom, var han positiv, underhaldande.

Berre mellom dei to var det blitt heilt taust.

Kanskje hadde ho tagd og venta for lenge.

Blikket hennar for likesælt over dei som sto kringom.

Menn med mapper, travelt gløttande mot klokka.

Kvinner som henne, frysande, med innlært tolmod.

Ungdom, rastlaust stampande mot asfalten.

Dei mjuke dropane var gått over til meir tyngd no.

At ho skulle gløyma paraplyen. No ville ho ikkje sjå ut på håret. Blikk ville granska henne, og vraka.

Ho kjende det som ein styng ein stad i magen.

Ho var ikkje fiks, søt og pen. Ikkje sirleg heller. Ho var berre .... Ja, mislukka var ho. Heime, på jobben, over alt. Eit null.

Dei hadde namnet hennar i medlemsboka i husmorlaget.

Dei smilte til henne, og ho og smilte. Men det var blitt vanskeleg å gå ut. Det var blitt så altfor lett å ta til tårene i det siste. Brått og uventa misste ho taket på seg sjølv. Og det makta ho ikkje mellom dei, så smilande, ovanpå.

Kunne ho gje dei si einsemd, ho som hadde alt.

Heimen hennar var som plukka frå ein brosjyre. Det ho ville, kunne ho kjøpa. Ein mann som var nådd langt, hadde ho.



Kom ikkje bussen snart?  
 Jau, overfylt, humpande var han der.  
 Ho følte køen og steig inn. Visste vel kor håplaus ho såg ut der ho rette kortet fram.  
 Der var ingen sete att, så ho klemde seg mellom to ungdommar og fekk eit tak i stroppen.  
 Bussen humpa avgarde, og det var ei søvning uro omkring henne.  
 Andlet som konsentrert passa på å ikkje visa eit gløtt av eit menneske. Hender som nøye passa på ikkje å røra ved hender. Stemmer, som nøye sorterte kven dei skulle nå. Då var klumpen i halsen der igjen. Augo feste ho stivt i golvet. Kjende kor kvar nerv i kroppen var i spenn.  
 Ho måtte greia denne dagen og.  
 Ho prøvde stengja tankane ute. Kraup inn i eit vakum og klamra seg til stroppen medan ho heldt nøyaktig avstand til dei to ungdommane.  
 Då skjedde det som skulle snu dagen for henne. Det uventa, umogelege. Jorda opna seg ikkje under henne, husa styrta ikkje, bussen humpa roleg vidare og ingen andlet revna omkring henne. Det som skjedde var nesten usynleg.  
 Nesten.  
 Ei lita, uventa rørsle, eit tak som glapp, eit ungt kinn som rørte ved hennar. Og to varme, unge augo.

Han smilte til henne, fekk tilbake balansen. Og bad ikkje om orsaking.  
 – Hei, sa han. – Er det ikkje deilig med ein ny dag.  
 Han gjekk av bussen ein haldeplass før henne.  
 Blikket hans møtte hennar til eit nytt smil. Han var så ung at han kunne vore son hennar, om ho hadde nokon.  
 – Er det ikkje deilig med ein ny dag?  
 Ein ny dag i ei sur, kald verd, der stengde andlet låser seg for kvarandre. Der ein er einsam mellom tallause skarar.  
 Likevel, orda hadde rørt ved noko i henne. Dirra og song ein stad djupt inne.  
 Ubevisst løfte ho handa til kinnnet han hadde berørt.  
 Han hadde ikkje bede om orsaking. Hadde ikkje skjemst eller kjend ubehag.  
 Lukkelege menneske, så ung, så trygg. Glad for ein ny dag.  
 Ho kjende ikkje kulden på same måten lenger.  
 Gløymde det mislukka håret. Stega blei lettare, meir målbevisst.  
 Javisst hadde ho ein ny dag. Ho og.

*Bente Bratlund Mæland.*

---

## DEN BLÅ TONEN

du er vinden  
 som ruskar  
 i mi natt  
 du er draumen  
 eg aldri nådde  
 du er den blå  
 blå tonen  
 som skjelv  
 gjennom mine dagar

*Bente Bratlund Mæland*

*Skulptur:  
 Arne Mæland.*



# Lys gjennom piggråden

AV TOM HETLAND

Anna Vårdal Søfteland og Marie Østrem var to av dei mange osingane som under krigen gjorde ein innsats for å hjelpa norske og russiske krigsfangar her i bygda. Seinare gav dei ut bøker om opplevingane sine. Det er gripande vitnemål som godt toler å bli lesne ein gong til.

8. mai i år trykte Midhordland eit utval bilete frå fredsdagane i 1945. Det er lokalhistoriske dokument av høg klasse: Osingar som har samla seg utanfor Hyllands kolonial for å høyra kong Haakons radiotale frå London, russiske krigsfangar som spelar trekkspel og pratar livleg med norske ungdommar, folkehopen i Os sentrum den regnversdagen Grini-fangane kom heim att. På dei svart-kvite bileta til tannlege Helge Hassel lyser det av raud, kvit og blå glede. Men me ser òg alvor og uvisse i andleta. Det var ikkje alle osingane som skulle koma tilbake.


For mange står scenene på desse bileta som eit kjærminne. Men for dei fleste, meg sjølv inkludert, er dette historie dei ikkje sjølv har opplevd. Me må søkja vår kunnskap om krigen fra andre kjelder. Kvar ny generasjon lyt gå til «skriftene», og kanskje vil ein og annan «historisk dom» bli omgjort. Hendingane i Os under krigen er etter måten grundig omtala, både i historiske arbeid og i personlege nedteikningar. Eg har valt ut to

bøker som begge er gripande vitnemål om den kanskje svartaste sida ved nazi-systemet: fangeleirane. Men dei fortel også om den store innsatsen mange osingar gjorde for å hjelpa fangane – norske som utanlandske. Bøkene er skrivne av to kvinner som sjølv stod midt oppe i dette arbeidet: Anna Vårdal Søfteland og Marie Østrem.

## Meldingssentral på Søfteland

Ulven var den første og største fangeleiren i Os. Hit sende tyskarane alt frå tidleg i krigen jødar, kommunistar og motstandsfolk av alle slag. Nær på 40 menneske skulle bli avretta her i løpet av krigen.

Anna Vårdal Søfteland og familien hennar kom tidleg i kontakt med fangeleiren. Mannen, Jon O. Søfteland, var riksvegvektar og reiste mykje rundt i landsdelen. Det var eit nyttig påskot til å treffa motstandsfolk i bygd og by og gje livsviktige meldingar til rette vedkomande. Ofte kunne det òg vera nødvendig å få beskjedar fram til fangane i leiren. Etter kvart kom heimen på Søfteland til å bli litt av ein sentral for denne meldingstenesta og for illegalt arbeid elles. Frå hausten 1941 begynte nemleg norske fangar å koma heim til garden som arbeidshjelp, under tysk vakthald. Dette opna nye høve til kontakt mellom fangane og omverda. Koner og kjærastar kom til garden som «tenestefolk», og mange fekk på denne måten sjå sine næraste – kanskje for siste gong. Andre



Ulven leir slik han var i krigstida. Teikning av Rudolf Næss, som sjølv sat der som fange.



gonger kunne det vera folk som skulle i forhøyr som måtte få førehandsvarsel. Og gjennom heile krigen arbeidde Søfteland-familien utrøyttelig for å hjelpa fangane på Ulven med mat. Krigsfangekosten var ikkje eigna til å halda motet oppe.

### Mellom tyskarar og nordmenn

Dette spelet kunne vera dramatisk nok. Når boka til Anna Vårdal Søfteland i ettertid står fram som ei særmerkt krigsminnebok, er det likevel først og fremst på grunn av den opne og djupt personlege skildringa av korleis det kjendest å stå mellom tyskarar og nordmenn. Ein ting var at familien måtte stå på god fot med tyskarane for i det heile å kunna halda fram med fangehjelpa. Noko anna var at Anna sjølv instinktivt reagerte mot isfront-parolar som ikkje tok omsyn til at det fanst menneske også under tyske uniformer. Ikkje alle sambygdningane såg det like eins, og Anna hadde det heller ikkje lett med seg sjølv. Boka hennar er på mange måtar eit vitnemål frå eit heiderleg menneske som føler at det misser si uskuld, at det må kjøpslå med det vonde for å kunna gjera det gode. Ein dag kom den brutale leirsjefen Hølnia på besøk og handhelste: «Det var så eg gyste, det kjendes som eg hadde rørt ved noe simpelt, grufullt, vondt», skriv ho.

Anna oppdaga også at fienden var så mangt. Blant tyskarane var det primitive psykopatar, naive Hitlertruande, godmodige og krigstrøytted soldatar som berre lengta heim, og menneske som var fylte av skam over det terrorveldet landet deira stod for. Og somme var svært samansette personlegdommar. Sentralt i boka til Anna Vårdal Søfteland står Gestapo-offiseren Georg Fischer. Han var med i eksekusjonspelotongen som avretta det norske MTB-mannskapet på Ulven i 1943. I Gestapo-hovudkvarteret i Veiten var han vitne til fællegele forhøyr, kanskje tok han del sjølv òg. Etter kvart seig Fischer ned i depresjonar, han kom til Søfteland-familien og omtala seg som ein «Satans tenar» men samstundes søkte han fortvila etter varme og menneskeleg kontakt. Då det i 1944 vart ferda ut arrestordre på Jon Søfteland og Gestapo etla seg til å senda han til Tyskland, garanterte Fischer med sitt liv for at klagemåla om sabotasje, smugling og formidling av opplysningar var



17. mai 1944 feira familien Søfteland nasjonaldagen saman med norske fangar og tyske politipostar. Tyskarane fekk 17. maisløyfer og songar med seg til minne. Framme til venstre Øystein og Anna Vårdal Søfteland, bak Anna sit Gunvor Søfteland Sæbø, som har lånt oss biletet.



Anna Vårdal Søfteland med garden i bakgrunnen. Biletet er teke i 1966.

falske. Jon Søfteland gjekk fri. Men for Fischer sjølv vart livet i Gestapo for tungt å bera. I august 1944 skaut han seg.

### Tyskarar feira 17. mai

Det var utruleg kva ein etter kvart kunne få tyskarane med på. I 1944 feira Søfteland-familien, norske fangar og tyske vaktssoldatar 17. mai («ein historisk minnedag») saman på Søfteland, med 17. mai-sløyfer, «Norge i rødt, hvitt og blått», «Ja, vi elsker» og det heile. Tyskarane takka for «einen schönen Tag».

Men heile tida sleit Anna Vårdal Søfteland med dilemmaet: Skulle ho behandla tyskarane som fiendar – eller som menneske? I ettertid trudde ho sjølv at ved å appellera til det gode i tyskarane var ho med på å mildna dei. Kanskje berga dette også Søfteland-familien sjølv, som slett ikkje stod på sida av det meir aktive motstandsarbeidet.

Dei første russiske krigsfangane kom til Os sist i oktober 1942. 230 i talet, utsvelta og fillete, vart dei under tyske kommandobrøl stua inn i ei trong arbeidsbrakke på Haugsneset. Mellom dei som såg på dette var Marie Østrem, ei 52 år gammal husmor som budde saman med mann og fem born i «Fossheim» mellom Os-elva og Vadla-elva. I dagboka som kom ut 20 år seinare får me del i tankane hennar denne dagen: «Tårene sprenger på. Det er visst kaldt, men jeg merker det ikke, og jeg vil stå her til sistemann har forlatt plassen. Og da jeg endelig går hjem lover jeg meg selv at disse arme menneskene skal jeg forsøke å hjelpe det lille jeg kan. Jeg ber til Gud hele veien hjemover at han må gi meg styrke til dette arbeidet».

### Dødsstraff for rømingshjelp

Det trongst. Tyskarane sette strenge forbod mot kontakt med dei russiske fangane, og det som hjelpte ein russar med å røma, måtte rekna med dødsstraff. I november 1942 vart den 17 år gamle Odd Tveit arrestert, visstnok fordi han hadde helst på ein russisk fange. Odd Tveit døydde året etter i ein fangeleir i Tyskland. For dei russiske fangane, som nazistane såg på som «undermeneske», var justisen nådelaus. To vart skotne etter fluktforsøk, ein annan fordi han hadde våga seg bort til ein gard og bede om mat.

Likevel, det var små opningar i den tyske jernringen. Marie Østrem og andre osingar begynte å leggja ut små matpakkar langs vegen der fangane skulle gå, eller dei stakk til russarane mat medan desse var ute og arbeidde. Ikkje alle dei tyske vaktene var like iherdige og pliktoppfyllande. Etter kvart gjekk jamvel somme av dei tyske offiserane med på at fangane kunne få mat, klede, medisin og blomar inn i leiren. Marie Østrem styrte til slutt ein heil liten hjelpeorganisasjon. Både frå Bergen og Midthordlands-bygdene kom folk til henne med mat dei hadde til overs, strømper dei hadde strikka eller andre ting dei ville ho skulle levera vidare til russarane. Sjølv gjekk ho mang ein tur rundt i bygda og samla inn. Då fangane på Haugsneset i 1944 vart flytta til Fjell og Bergen, freista ho å halda kontakten. Ho oppsøkte baa leirane, men det viste seg å vera vanskeleg og farleg. Gestapo hadde begynt å interessera seg for denne kvinna frå Os. I heimbygda heldt likevel Marie Østrem fram med hjelpearbeidet heilt til krigen var slutt. Det var nemleg att ein liten russarleir på Tøsdal, og vinteren 1945 kom ein del av fangane tilbake frå Fjell og vart plasserte på Ulven. Arbeidet tok på. Fredsdagen 8. mai er ho, som ofte før, på veg til Ulven. I dagboka står det: «Sekken er så tung og jeg har så forferdelig vondt i ryggen,



Den tidlegare fangen Aleksej Tsjeprov møter Marie Østrem igjen i Moskva.



Frå fredsdagane på Osøyro. Ein russisk fange spelar trekkspel. Er det nokon av dei som står omkring som kjenner seg att? (Foto: Helge Hassel).

det kjennes som den vil gå rett av.» Men også denne gongen kom sekken fram.

### Leonid i dekning

Ein russisk fange som heitte Leonid har ein sentral plass i dagboka til Marie Østrem. Han greidde å røma frå leiren ved juletider 1942, og med hjelp frå Østrem-familien og andre osingar greidde han utruleg nok å halda seg i dekning i hytter oppunder Borgafjellet og i Hegglandsdalen nesten eit år, før heimefronten fekk han over til Austlandet med Bergensbanen. Marie Østrem fekk julekort frå «Håkon Hansen» i Drammen med beskjed om at han var komen vel fram. Namnet var ukjent, men ikkje skrifta. Leonid hadde heile tida i Os halde kontakt med Østrem-familien ved hjelp av lappar og små brev. Fleire av dei er gjengitt i dagboka. Først skriv han berre russisk, seinare ei herlig blanding av russisk, Os-mål og svensk (han hadde fått ei russisk-svensk ordbok å hjelpa seg med).

Leonid kom seg velberga gjennom krigen, og blei verande i Norge heilt fram til 1957. Det var nok fornuftig. For i ettertid veit me at svært mange av dei russiske krigsfangane ikkje fekk nokon lukkeleg heimkomst. I Stalins auge var det jamngodt med svik å gje seg i fangenskap, og han hadde sine eigne leirar som venta. Marie Østrem venta fåfengt på livsteikn frå fangane dei første åra etter krigen. Berre eitt einaste brev kom frå Russland.



Marie Østrem saman med russiske krigsfangar på Osøyro i mai 1945. (Foto: Helge Hassel)

### Marie til Moskva

Men etter Stalins død i 1953 vart det gitt amnesti, og no fekk også Marie Østrem den heideren frå Sovjetunionen som ho fortente. Hausten 1958 vart ho og mannen Reinholdt bedne til Sovjetunionen, og vart dekorerte av sjølvaste president Vorosjilov med «Fedrelandskrigens orden av 1. grad». Vitjinga fekk stor dekning i sovjetiske massemedia, og no strøymde breva på i tusental, både frå fangar og andre. Den russiske utgåva av dagboka hennar vart utselt på kort tid. Og ein av dei fremste sovjetiske lyrikarane, Jevgenij Dolmatovskij, skreiv eit varmt hyllingsdikt til «russkaja mama» frå Os.

Anna Vårdal Søfteland og Marie Østrem var ikkje dei einaste som gjorde ein innsats for krigsfangane i Os. Dei var to av mange. Men gjennom bøkene sine har dei gitt oss vitnemål som vert stadig meir verdifulle etter kvart som folk som sjølve minnest krigsåra, går bort. I ettertid kan ein spørja: Kvifor tok Anna, Marie og dei andre osingane på seg dei offer og vågnader som følgde med å hjelpe fangane? Den drivkrafta ein kan lesa ut av bøkene, og som sikkert var felles for fleire, var eit enkelt, men sterkt indre moralsk bod om å gjera det gode og mildna det vonde, om å minska lidingar – kort sagt å vera medmenneske. Desse kvinnene står fram som del av ein folkeleg-humanistisk gjevartradisjon som har vore

sterk her i landet – ikkje minst i bygde-Norge – frå misjon og Nansen-hjelp til våre dagars TV-innsamlingar. Under krigen måtte ein likevel vera uvanleg modig, sta og ofervillig for å leva opp til denne tradisjonen. Dei som greidde det, fortener takksemd og respekt.

#### Kjelder:

*Anna Vårdal Søfteland: Som menneske til menneske. (Oslo 1966).*

*Marie Østrem: Dagbok. (Bergen 1962)*

*Os-soga – Kulturhistorisk band.*



Faksimile av oppslaget i Pravda 15. november 1958. Tittelen lyder: «Overrekking av sovjetiske ordenar til dei norske patriotane Marie og Reinholdt Østrem.»



Marie Østrem møter ein annan fangehjelpar, Mamma Karasjok, hos Otto Nielsen i NRK.

# Stadnamn og vegnamn i Os

AV TOR LUNDE

---

Vegnamna vert ikkje alltid så gode som ein skulle ønska, og frå stadnamngranskarar og andre vankar det både ros og ris. Artikkelforfattaren, som er teknisk etat sin sakshandsamar i vegnamnsaker, gjev her si vurdering av ein del av dei vedtekte vegnamna i Os.

---

Det er ein stor rikdom på stadnamn i Osbygda. Rektor Asbjørn Øye har samla inn og kartfesta om lag 9000 namn. Øye sitt materiale kan interesserte få tilgang til ved å venda seg til teknisk etat i kommunen.

Stadnamna hadde ein praktisk funksjon i det gamle bondesamfunnet. Med dei gamle driftsmåtane var stadnamna heilt nødvendige for lokaliseringa. Hadde nokon sett sauene borte i Lekholene eller på Klanten, visste alle kvar dei var. Mest alt særmerkt både på sjø og land hadde namn. Namna var råkande og fortalde oftast noko om staden t.d. Idlelia, Kvernhusrenen og Gråsteinen.

For å få ei presis lokalisering, når me idag avtaler å treffast på Osøyro, nyttar me Dragesethjørnet, Lunde-hjørnet, Brannstasjonen, Essostasjonen o.s.v. Dei gamle nytta stadnamna og kunne gjera avtale om å treffast på Katlaberget, eller i Revabotnen o.s.v.

## Stadnamn vert gløynde

Driftsmåtane i jordbruket har etter kvart endra seg. Dei små teigane vart borte med utskiftingane. Små åkrar er brotne saman og gjort om til eng. Ein slår ikkje utslåttar, lauvar ikkje og brenn ikkje trekol lenger. Vidare er det slutt på den gamle stølsdrifta m.v. Ungdomen er ikkje på same måten som før med i gardsarbeidet. Det siste gjer også sitt til at stadnamna vert gløynde etter kvart som dei gamle fell frå.

Stadnamna er ein av våre største kulturarvar og fortel mykje om livet på gardane i gamle dagar. Mange namn er svært gamle og er vår eldste kjelde til norsk mål. Det er ei kulturoppgåve å ta vare på den store stadnamnrikdomen. Namna kan best haldast levande ved å nytta dei i vegnamn. Det har langt på veg vore semje om at ein på denne måten skal prøva å ta vare på stadnamna i Os.

Saksgangen ved fastsetjing av vegnamn er denne: Teknisk etat – Kulturutvalet – Formannskapet og til slutt Kommunestyret som gjer endeleg vedtak. Dei mest nytta kjeldene er rektor Øye si samling og lokalkjende ofte eldre folk. Vidare vert gjerne stadnamngranskarar kontakta med omsyn til tydinga av namna. «Føreseger om skrivemåten av stadnamn, Kronprinsregentens resolusjon 31. mai 1957» vert også nytta i arbeidet. Artikkelskrivaren er teknisk etat sin sakshandsamar i vegnamnsaker.



Synd at ikkje Ådrotten vart namnet på vegen langs Naustvågen på Halhjem. Stadnamnet Ådrotten tyder på at dei fiska med landnot her i tidlegare tider.



Framfor huset med flatt tak ser me noko av den framskotne fjellnabben som har gjeve namn til vegen Lurane på Haugsneset.

### Både ros og ris

Frå stadnamngranskarar og andre har me fått både ros og ris for vegnamna våre. Artikkelskrivaren vil her gje si vurdering av nokre av dei vedtekte vegnamna. Det kan vera delte meiningar om ei sak, og det gjeld ikkje minst i vegnamnsaker.

Det er fleire grunnar til at vegnamna ikkje alltid vert så gode som me skulle ønskja. Det kan ofte vera vanskeleg å finna gamle stadnamn som er særmerkte for dei vegane som skal ha namn. Vidare kan mindre gode namn alt vera innarbeidde. Me vil helst ikkje endra på namn som folk er blitt vane med. Døme på vegnamn som på den måten vart offisielle er: *Gymnasvegen, Industrivegen, Idrettsvegen, Furulunden, Kuhnlevægen, Helglybakken og Internatvegen*. Alle desse namna har bakgrunn i nyare tid og er meir «bynamn».

Dei folkevalde har ofte vanskeleg for å godta vegnamn som dei ikkje er kjende med. Men det er nett gløymde stadnamn ein bør ta vare på ved å nytta dei i vegnamn. Døme på svært gode framlegg til namn som på denne måten har falle frå er Ådrotten og Larsapervegen på Halhjem, samt Kvelven, Kampen, Husflaten, Stanghaugen og Kvednabakken på Søfteland.

Til no er det vedtekte vegnamn i skulekrinsane Os, Søfteland og Søre Neset. Vidare har me vegnamn i byggefelta Skorvane på Nore Neset og Hellebakkane i Lysefjorden. I det etterfølgjande vil ein gje ei krinsvis vurdering. Vidare vil ein for enkelte stadnamn prøva å koma inn på den opphavlege tydinga. Det er her å merka at same namnet kan ha fleire tydingar.

### Os-krinsen

Her vart dei fleste vegnamna vedtekte kring 1970. Det var like før Øye gjorde si framifrå registrering, slik

at ein ikkje hadde hans samling å støtta seg til. Det er også å merka at svært få av dei gamle stadnamna har overlevd på Os prestegard og i Kuven utmark. Her er likevel mange gode vegnamn.

*Giljavegen* på Moberg: Ei gilje er tårnet der fiskarane sat og passa på når laksen gjekk i nøtene. Vegen ut til laksegiljene langs den brattaste Mobergstranda skal ha gått omlag der Giljavegen i dag ligg. Der skal framleis vera restar etter fundamentet til ei laksegilje i brota nedanfor Kuhnle.

*Holt* ovanfor Bahusfabrikken: Holt er eit gammalt ord for ein ujamn gjerne steinet haug.

*Lurane* (Austre og Vestre) på Haugsneset: Lur var namnet på ein framskoten fjellnabbe.

*Sjoarvegen* mellom Midtbøvegen og Solstrand: Dette er det gamle ordet for vegen som fører til sjøen.

*Kolabakkane* i Mobergshaugane: Namnet tyder på at her har vore trekol- og tjørebrenning i gammal tid. Stadnamna seier oss at denne verksemda har vore mykje utbreidd i Osbygda.

*Giskavollen* frå kyrkjegardsvingen til gamleskulen: Utan å ha fått det stadfesta skal å giska seg vera eit gammalt uttrykk for å pynta seg. Det var her dei tok den siste finpussen på klesdrakta før dei gjekk inn i kyrkja. Tidlegare hadde denne vegen det lite gode namnet Skulevegen.

*Landboden* frå Øyro til gamlebrua: Opphavet til namnet er usikkert. Landboden var frå gammalt området frå Baronselva og oppover langs elvebreidda. Det som er heilt sikkert er at kyrkjekaien låg her. Folk frå utkantane rodde oftast til kyrkje. Dei kledde seg om frå reiseklede til kyrkjestas i ei bu som stod her. Landboden kan vera ei «fordansking» av landbuo?

### Skorvanefeltet

Vegnamna er jamt over gode og er alle framkomne av stadnamn. *Skorvane*, *Svartabrotet*, *Skeismyra*, *Korsavegen* og *Skorvatjørno* skulle tala for seg når det gjeld tydinga av stadnamna som er nytta. Noko som ikkje høver er at ein må kjøra om vegen *Skeismyra* for å koma til *Skorvatjørno*. Skulle ein nytta dialektforma, burde ein teke steget fullt ut og kalla vegen *Skorvatjødno*.

Om ein skal nytta a- eller o-ending i bunden form ein-tal av hokjønnsord har vore mykje drøfta. Føresegnene er klare, og det er berre i særleg individuelle namn ein har høve til å nytta o-ending. Døme på særleg individuelle namn i Os er *Strøno*, *Skorpo*, *Reio*, *Sveo* og *Osøyro*.

### Hellebakkane

Her har ein berre gode namn. I vegnamna *Edne*, *Revhaugen*, *Grønskaret*, *Hellebakkane* og *Fiskarhaugane* er det nytta stadnamn.

*Edne* kjem av gammalnorsk enni som tyder skalle eller panne. I naturen vart namnet brukt på enden av ein fjellrygg.

### Søfteland

Her kunne vegnamna vore langt betre enn det som vart sluttresultatet. Av svært gode framlegg som fall frå under vegs kan nemnast *Kvelven*, *Husflaten*, *Kampen*, *Stanghaugen* og *Kvednabakken*. Men me står likevel att med mange gode vegnamn også her.

*Gamlevegen* er ein del av den gamle postvegen mellom Bergen og Stavanger.

*Stallen* ovanfor fotballplassen: Stall er eit gammalt ord for ei hylle i fjellet eller ein framskoten flate i brattlendt.



*Stallen* er stadnamnet på den framskotne flata i terrenget bak til høgre for skiltet. Stadnamnet har gjeve namn til vegen *Stallen* på *Søfteland*.

*Skarphaugen* tar av frå *Stallen*: Namnet tyder at her er grunnlendt, gjerne steinet og ujamnt.

*Trosavikjo* ved enden av *Vindalsvatnet*: Tros var eit gammalt ord for småved, gjerne mindreverdige ved, som kvistar og kvas.

Døme på eit vegnamn som ikkje høver godt på *Søfteland* er *Hjetlandsvegen*. Vegen har fått namn etter tidlegare eigar av hovudbruket der vegen går. *Hjetland*-namnet skriv seg frå *Sogn* og ville høvd betre som vegnamn der. Framlegget *Husflaten* på denne vegen ville vore eit framifrå godt namn.

### Søre Neset

Her har me utan tvil dei beste vegnamna. Tilhøva låg også svært godt til rette. Mest alle hovudbruka, og dei er det mange av, har sams namn på tunet og folket som ættar frå vedkomande bruk. Mange namn er svært gamle og skriv seg frå det mest dominerande mannsnamnet som har gått att på bruket. I eit par tilfeller er det nytta kvinnenamn.

*Nilsavegen* har fått namn etter *Nilsane*.

*Klasavegen* etter *Klasane*, av namnet *Klaus*.

*Monsavegen* etter *Monsane*.

*Jonavegen* etter *Jonafolket*.

*Knutavegen* etter *Knutafolket*.

*Ingjelsbrekko* etter *Ingjelsfolket*, av namnet *Engel*.

*Velumsbrekkene* etter *Velumsfolket*, av namnet *Villum*.

*Larsavegen* etter *Larsane*.

*Baggavegen* etter *Baggane*, av namnet *Bagge*.

*Marivegen* etter *Marifolket*.

Ein har prøvd å leggja skrivemåten tett opp til uttalen, ellers ville namna verka framand.

Her er også mange gode vegnamn der vanlege stadnamn er nytta.

*Lyhaugen* på *Lekven*: Det var vanleg å gå opp på denne haugen og lyda etter kvar buskape var i utmarka.

*Tveiten* ved ungdomshuset: *Tveit* var eit gammalt ord for ein rydning i skogen.

*Mardalen* i *Halhjemsfeltet*: Mar kjem av merr som også i dag vert nytta i tydinga ho-hest.

Eit par gode framlegg kom ikkje gjennom «nålauga», desse var *Ådrotten* og *Larsapervegen* på *Halhjem*. Særleg ille var det at *Naustvågvegen* kom i staden for *Ådrotten*. Ein ådrott var ein kastevåg der dei fiska med landnot. Her var mange ådrottar langs strendene i *Os*.

Det vedtekne vegnamnet *Halhjemsmarkjo* verkar noko tungt. Framlegget *Halhjemsmarka* ville vore betre og i samsvar med føresegnene.

### Sluttord

Dette med stadnamn og tydinga av desse er eit vanskeleg emne. Kommunane sjølve har oftast for liten kunnskap. Det er no i emning ei ny lov om skrivemåten av stadnamn med tilhøyrande vedtekter. I samband med gjennomføringa av lova vil det verta oppretta regionale stillingar som stadnamnkonulentar. Konulentane vil verta rådgjevarar for kommunane. Det trengs med den ulikt gode praktiseringa ein har hatt til no.



Hjetland er ein stad i Sogn. Vegnamnet Hjetlandsvegen høver derfor ikkje på Sjøfteland der me finn dette skiltet.



Løysing på kryssord:

		A	V	A	L		S	O	R	
		N	A	T	L	A		R	E	P
	M		K		U	N	G		L	P
	V	A			N	R	A	G		U
		T	T	A		A	N	E	R	T
		L	E	M	S			L		I
		R	A	S	O		E	L	O	K
B				R	A	N	Ø	R	K	S

Med billetter frå vårt byrå,  
kan du heile verda nå.



POSTBOKS 260 - 5201 OS - TLF. (05)30 11 90



BAHUS AS

MØBLAR MED SÆRPREG

Få den store fargekatalogen  
gratis hjå møbelhandlaren din

Tlf. (05)30 05 00 - 5200 Os, Bergen

**Skal De ut å reisa, -  
eller treng ein lastebil,  
ring, eller ta kontakt med  
vårt trafikkontor på Osøyro.  
Telefon 30 06 10.**



BILRUTA FANA-OS-MILDE L-L

Vil du ha ein festleg kveld,  
kom til Solstrand Fjord Hotel.  
Skal du feira bryllaupsfest,  
er vårt tilbod sikkert best.



VERKTØY SPIKAR OG SKRUER

TVEIT'N HAR DA

REGNTØY HANSKAR OG LUER

TVEIT'N HAR DA

FISKEKROKAR OG SNØRE

TVEIT'N HAR DA

BARNEVOGNER Å KJØRE

TVEIT'N HAR DA

UTSTYR TIL HOBBYEN DIN

TVEIT'N HAR DA

VØLA PÅHENG'S'N DIN

TVEIT'N KAN DA

"DOBLE FUSTASJEOPPHENGSPORKOBLINGER"

TVEIT'N HAR DA

JA ORDET GÅR

"DA DU IKKJE FÅR ANDRE PLASSA

DA FÅR DU HOS TVEIT'N"



**S.TVEDT A/S**

Tlf. 30 10 10



Me fører varer til dagleg nytte, for deg i hus og for deg i hytte.  
Hugs difor å handla i nærbutikk, då støttar du vår grendapolitikk.

**Nesjabuens  
Handelslag**

Tlf. 30 50 79

**Hegglandsdalens  
Handelslag**

Tlf. 30 99 30

*Vil du sleppa å bli våt,  
kjøp deg Askeladden båt.*

**ASKELADDEN**

BÅTEN FOR ALLE



SALGSKONTOR: L. H. BERGE  
Sandviken — 5001 Bergen  
Tlf. 30 81 60

*Me har alt det som du søker  
av skrivesaker og av bøker.*



**M. K. OLSEN**

Bok- og papirhandel A.s  
OSØYRO — TELEFON 30 04 30 - 30 10 75

**en Sentralbokhandel**

TILBOD PÅ ARENA  
TRIMUTSTYR

SKO OG KLE DEG MED

**le coq sportif**

SJÅ VÅRAS GO'E TILBOD  
PÅ DESSE VARENA



**DC SPORT AS**

DAG CHRISTENSEN - Tlf. 30 20 22 - 5200 OS

*Vestlandslefsa til kvardag  
og fest,  
smakar alltid best.*

**Vestlands-  
LEFSA**

**BØE LEFSEBAKERI A.S**

5200 OS - TELEFON (05) 30 03 20 - (05) 30 03 47

*Bad og dusj må famm'en få,  
like eins på do å gå.  
Arbeid gjer me fort og godt,  
i husbankhus som i store  
slott.*



**Sverre Samdal**  
AUT. RØRLEGGERFORRETNING

Telefon: Privat 300255  
Kontor 30 1583  
Mobil 094-71461



**Skal du pusse opp?**

**Kjøp verktøyet nå!**

**P. M. SÆLEN & CO. A/S**

Tlf. (05) 30 04 00 - 5200 Os

Luna

Me har stolar og sofakrok  
der du kan kosa deg med  
ei bok.

Me har også seng og bord,  
både for liten og for stor.

**Møbelservice  
på Søfteland**

Tlf. 30 71 70 - 30 72 31

Me sel måling til tak og vegg  
Me mjuke tepper på golvet legg  
Me skaffar gjødsel til hagen din  
så plenen veks seg grøn og fin

**A.s Os Fargehandel**

5200 OS - TLF. 30 03 80 - 30 14 72  
Avd. INTERIØREN - Tlf. 30 03 80



I sentrum  
når det gjelder  
bankforretninger.


Handlar du i



er du sikra kvalitetsvarer

**HAGAVIK  
HANDELSLAG**

Telefon 30 80 70



# **FULL OVERSIKT - HEILT GRATIS!**

Kom inn og få Sparebanken Vest sin økonomiplan som held orden på dine inntekter og utgifter. Har du mykje å halda greie på, kan du spørja etter Sparebanken si «Rekneskapsbok for heimen». Også ho er gratis.

**SPAREBANKEN  VEST**  
GJEV DEG ORDEN OG OVERSIKT



## **Hiba gruppa**

**Når eit hus du byggja vil,  
skal me gjerne hjelpa til.**

# **hiba hus**

**ODD TØSDAL A/S**

TRELAST OG BYGGEVARER

5200 OS tlf. 05 300250

# ~~Ny~~ HØGRENTEKONTO *for alle*



Nytt, godt tilbud frå



**VESTLANDSBANKEN**

AVDELING OS – Postboks 82 – 5201 Os – Tlf.: (05) 30 07 80